

Søknad om midlertidig avvik frå manøvreringsreglement – Feios Kraftverk

Søknad om midlertidig avvik frå manøvreringsreglement – Feios Kraftverk

Feios Kraftverk AS søker om midlertidig løyve etter vassressurslova § 8 til avvik frå kravet om minstevassføring i Storelvi og Nyasetelvi i samband med gjennomføring av to elvekryssingar hausten 2026.

Bakgrunn

Det skal gjennomførast følgjande tiltak:


Tiltak 1 – Ny elvekryssing av Storelvi

Som del av utbygginga av Feios Kraftverk skal det etablerast ei ny elvekryssing av Storelvi om lag 120 meter nedstraums inntaket i Storelvi. Arbeidet vert utført av Veidekke på vegner av Feios Kraftverk AS.

Tiltak 2 – Rehabilitering av eksisterande elvekryssing

Eksisterande elvekryssing av Storelvi om lag 2,1 km nedstraums inntaket i Storelvi skal rehabiliterast. Elvekryssinga vart delvis øydelagt under flaumen Jacob hausten 2024. Kryssinga ligg nedstraums samløpet mellom Storelvi og Nyasetelvi. Arbeidet vert utført av grunneigarane i Feios gjennom eit veglag.

For å sikre tilfredsstillande arbeidsforhold ved rehabiliteringa er det ynskjeleg å redusere minstevassføringa både i Storelvi og Nyasetelvi i arbeidsperioden.



Omsøkt avvik

Det vert søkt om løyve til å redusere minstevassføringa frå Storelvi og Nyasetelvi til 0 l/s i ein periode på om lag ei veke.

Gjeldande krav til minstevassføring:

Storelvi: 150 l/s (1. mai–30. september) og 50 l/s resten av året.

Nyasetelvi: 50 l/s (1. mai–30. september) og 15 l/s resten av året.

Arbeidet er planlagt gjennomført hausten 2026.

Grunngjeving

Begge tiltaka krev arbeid i og tett ved elveløpet. For å kunne gjennomføre arbeid med fundament, landkar og kryssingspunkt på ein sikker og teknisk forsvarleg måte er det behov for å redusere vassføringa mellombels.

Dei to tiltaka er uavhengige av kvarandre, men begge krev redusert minstevassføring. Feios Kraftverk AS og veglaget har difor lagt opp til å samordne arbeida slik at begge tiltaka vert utførte i same tidsperiode.

Samordninga inneber at det berre vert éin samanhengande periode med redusert minstevassføring i Storelvi og Nyasetelvi.

Avbøtande tiltak

- Arbeida skal samordnast slik at perioden med redusert vassføring vert kortast mogleg.
- Alle førebuande arbeid skal vere gjennomførte før vassføringa vert redusert.
- Ordinær minstevassføring skal gjenopprettast straks arbeida er fullførte.
- Det skal etablerast nødvendige tiltak for å hindre utslepp av olje, drivstoff, betongslam og finstoff til vassdraget.
- Det skal gjennomførast visuell kontroll av berørte elvestrekningar før, under og etter arbeidet.

Oppsummering

Etter Feios Kraftverk AS si vurdering representerer den omsøkte løysinga den minst belastande gjennomføringsmåten for vassdraget. Ved å samordne etablering av ny elvekryssing og rehabilitering av eksisterande elvekryssing vert samla periode med redusert minstevassføring vesentleg kortare enn om tiltaka vert gjennomførte kvar for seg.

Av:

Bernt Erlend Fridell
tlf: 90524437
Prosjektleder Feios Kraftverk
Sognekraft Produksjon AS

Dato: 06.07.2026

